



## Statens vegvesen

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS  
Postboks 291

5203 OS

Mathilde Ilper Johnsen

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
22/106239-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
23.06.2022

### Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan for Sauvågen i Alver kommune – gnr. 203 bnr. 46 m.fl.

Vi viser til dykkar brev datert 23.05.2022 og uttalefrist 24.06.2022.

#### Saka gjeld

Planområdet er på om lag 18,8 daa og omfattar eigedomane gnr. 203 bnr. 36 mfl. Delar av tilkomstveg er tatt med for å vurdera utforminga av dagens avkøyrsløp. Formålet med planen er å legge til rette for å utvide oppstillingsplass til eksisterande næringsverksemd i området. I tillegg vil planarbeidet legge føringar for etablering av småbåtanlegg og oppføring av to naust.

Det vert opplyst at planarbeidet er delvis i samsvar med kommuneplanens arealdel (for tidlegare Lindås kommune), der planområdet er avsett til næringsføremål, LNF, bruk og vern av sjø og vassdrag, samt småbåtanlegg. Nord for området ligg reguleringsplan for Sauvågen naustmiljø, men arealet er elles ikkje omfatta av reguleringsplan.

Heile planområde ligg under omsynssone for ny E39.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

### **Konkrete innspel til dette planarbeidet**

Heile planområdet ligg innanfor omsynssone for ny E39. Statens vegvesen har vurdert innhaldet i oppstartsvarelet og kan utifrå dette ikkje sjå at det her vil vere nokon direkte konflikt med våre planar.

Planområdet har tilkomst frå kommunal veg. Statens vegvesen legg til grunn at kryss/avkøyrslar vert planlagt i tråd med gjeldande vegnormal N100. Nærare drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med aktuell vegstyresmakt. I arbeidet med reguleringsplanen er det viktig å ha eit særskilt fokus på trafikktryggleik for mjuke trafikantar, også i anleggsfasen. Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

### **Generelle krav til planarbeid**

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens handbok V744.

**Vidare planprosess/medverknad**

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER